

# For grunn og for optimistisk

## Kommentar til intervju med Peter Sloterdijk

«Me har inga moralsk plikt til sjølvutsletting», var tittelen på intervjuet med Peter Sloterdijk i Dag og Tid 19. februar 2016. Bakteppet er flyktningkrise og terrorfrykt.

Sloterdijk er vel kjend, framfor alt som provoserande intellektuell i media. Blant fagfilosofar er ryktet meir blanda. Men uansett, han er vel verdt å lytte til.

### *Terror og terapi?*

Målet for terroren er frykt, midlet er media, og svaret vårt bør vere mentalt, seier Sloterdijk. Greitt nok. Det er ein velkjend tese at terroristane er ute etter å skape frykt, særleg i vestlege samfunn, og at vestlege media dermed gjer sin del av jobben for terroristane. Også rådet om vi bør gå i oss sjølve og roe det ned, kan ha noko for seg.

Men så er det det andre. Målet er ikkje berre å skape frykt. Terroristane i og rundt ISIS har andre ambisjonar. For dei er terror ei krigshandling. Og dersom dei får tilgang til enkle atomvåpen eller andre middel for masseutrydding, kan situasjonen bli alvorleg. Då er ikkje nok med psykologiske mottiltak. For her møter vi noko nytt: Terroristar som beherskar moderne teknologi – moderne våpen og moderne kommunikasjon – men som mentalt og kulturelt er førmoderne: Heltane skal komme til paradiset, dei vantru er jordas fordømde, og verda går mot det siste store slag!

På Hobbes tid, på 1600-talet, hadde opprørarane enkle våpen. Det var langt færre folk. Og Hobbes rekna med at folk flest frykta døden. Dermed var det grunnlag for ei politisk løysing. Men slik er det ikkje lenger. Alt dette er endra på dramatisk vis, til det verre. I dag blir vi truga av «halvmoderne» ekstremistar, med moderne teknologi og førmoderne holdningar og aksjonar. Når Sloterdijk i intervjuet talar om terror, seier han ingenting om dette.

### *Utan evne til statsdanning?*

Islam er i grunnen ein «juridisk konstruksjon» som ikkje kan føre fram til statsdanning i vår tid, ifl Sloterdijk. I så fall, er det religionen eller kulturen eller andre faktorar som er problemet? Men det vi trygt kan seie, er at teokrati og demokrati ikkje går i hop: Kjem lovene ovanfrå, er det ikkje rom for demokrati.

Dersom muslimar i Europa prisar det europeiske samfunnet der dei bur, men samtidig meiner at Koranen og islam står over lover og prinsipp i moderne demokrati, er dei uopplyste og politisk schizofrene. Dessutan, eit moderne demokrati krev allmennutdanning og folkeopplysning. Det krev myndige menneske som er villige til å lytte til kvarandre og til å ta motargument på alvor.

Dette er ikkje krav frå utsida, men føresetnader for eit moderne rettsstatleg demokrati. Også av den grunn går ikkje teokrati og demokrati i hop. Dessutan, skrifter frå 600-talet duger ikkje som grunnlag for å bestemme lover og åtferd i moderne samfunn. I vår tid har vi institusjonar og vitenskapar, og alskens utfordringar, som folk ikkje visste om på 600-talet.

Kort sagt, gammalvorne versjonar av islam (og andre skriftbaserte monoteistiske religionar) er ikkje liv laga i moderne samfunn. Men påstanden om at islam ikkje duger i vår tid fordi islam er ein «juridisk konstruksjon», er for enkelt.

### *Grenser – men kvifor?*

Innvandringa til Europa fører til instabilitet, seier Sloterdijk Og vi har ikkje plikt til sjølvutsletting. Derfor må vi setje grenser. Men innvendingane mot slik grensesetjing er velkjende: Har vi ikkje hatt innvandring før? Hos oss, danskar og nordtyskarar, og kongen som tala dansk! Seinare, folk frå Ungarn, og muslimar frå ex-Jugoslavia! Og det har jo gått bra! Greitt nok.

Men no er omfanget eit heilt anna, og innvandringa skjer langt raskare enn før. Dessutan er samfunnet eit anna, og problema meir innfløkte: I første omgang har vi problem med kapasiteten i mottaksapparatet. Så har vi problemet med å få nykomlingane i arbeid, i ein økonomi som er prega av nedgangstider, i eit næringsliv som krev kompetanse, med ei teknologisk utvikling som eliminerer tradisjonelle arbeidsplassar, og i konkurranse med arbeidsinnvandrarar ut frå EU, som allereie no pressar løner og arbeidsvilkår (jf bygg og reinhald).

«Vi greier det», sa Angela Merkel. Men «vi» er ikkje klassenøytralt. Det er først og fremst arbeidarklassa og «prekariatet» som får føle trykket. Dessutan kan det oppstå ulike parallellsamfunn blant dei underprivilegerte, i verste fall etter etniske og religiøse skiljelinjer.

På toppen av dette må nykomlingar frå statslause og statssvake samfunn, med sviktande kulturell modernisering, tilpasse seg moderne rettsstatlege demokrati med ein generell og sjenerøs velferdsstat som krev arbeidsinnsats og allmenn solidaritet utover familie og klan.

Då er det ikkje nok å følgje lovene. Som statsborgarar i slike samfunn, der vi kan velje og bli valde, ytre oss og organisere oss, demonstrere og ta del i ordskiftet, og halde oss oppdaterte på det som skjer, i slike samfunn må vi (på rimeleg vis) kunne språket, skjønne sakene, forstå samfunnet. Utan dette kan vi vere kundar eller klientar, eller undersåttar, men ikkje statsborgarar med medansvar. Som statsborgaraar i moderne rettsstatlege demokrati med

ein generell og sjenerøs velferdsstat har vi «politiske plikter». Ikkje som ytre krav. Men som føresetnad for at institusjonane skal fungere.

Det må skiljast klarare mellom asylrett og varig opphald, seier Sloterdijk. Men utan å gå inn på dei juridiske argumenta. Interessant nok er han her på linje med menneskerettseksperten Hanne Sophie Greve, dommar i menneskerettsdomstolen i Strasbourg frå 1998 til 2004. Jamfør kronikken hennar om asylrett og rett til busetjing, i Aftenposten 26. januar 2016: «Alle flyktningar har ikkje rett til å bli værende».

### *Går det over?*

Sloterdijk har tala med ein demograf: Frå Nord-Afrika til Indonesia, i eit område dominert av islam, er halvannen milliard personar motiverte for å utvandre til Europa eller USA. Likevel, seier Sloterdijk, når vi blir kvitt illusjonane, vil nok dei europeiske nasjonalstatane samle seg og i fellesskap setje grenser mot omverda.

Det er ein overraskande konklusjon frå skeptikaren Sloterdijk. Men då bør vi ha i minnet at Sloterdijk her held seg til den europeiske flyktningkrisa. Han går ikkje inn på dei andre krisene, som på uoversiktleg vis går over i kvarandre og mellom anna fører til at folk flyktar – frå land til by, frå fattigdom, vanstyre og korrupsjon, frå krig og økokriser, frå overbefolkning og arbeidsløye, og til det som relativt sett ser betre ut.

Desse krisene vil neppe forsvinne med det første. Truleg vil dei vare ved. Kanskje blir det verre, atskilleg verre. Og då duger det ikkje med grenser aleine. Dei som lever innanfor grensene, bør derfor innstille seg på ein meir nøktern livsstil, både av realpolitiske og etiske grunnar, med tanke på dei som er utanfor og med tanke på kommande generasjonar.

Det er prisverdig at Sloterdijk går inn i dette minefeltet, i eit intervju i offentlege media. Men problema er omfattande og krevjande. Og etter mitt syn er han i dette intervjuet både for grunn og for optimistisk.